

**Kjell Lund (1927 - 2013 ) må ha vore ein svært talentfull mann. For mange er han kan hende best kjend som ein leiande norsk arkitekt - meir om dette kan ein lese ved [å peike og klikke her](#).**

Men for meg og mange andre som var born på femti- og sextitalet var det visene til Kjell Lund som vi fyrst og fremst hugsar han for. Og ei av desse visene var songen om Spurvelurven.

Som musikk lærer gjennom mange år har eg lært ikkje så få elevar denne songen. Og responsen frå dei har alltid vore god. Dette er ein song borna likte å synge. Kan hende var det av di Spurvelurven er ein figur det kunne gå an å kjenne seg att i ?

Det var ein gong då eg skulle lære ein av klassane mine denne songen, at innhaldet i teksten plutselig slo rot i meg. For dette er ein song med meining : Nærleik er viktigare enn venleik. Lest i ein slik samanheng vert dette meir enn ein liten song om ein liten fugl. Så les - og tenk !

*Jeg er en liten spurvelurv som heter Pippip-Ola.  
Nå sitter jeg på taket ditt og titter ned på jorda.  
Her er huset hvor du bor, der er hagen til fru Flor,  
og på hennes tørkesnor sitter far og bestemor.*

*Familien vår er stor, jeg hadde engang femti tanter  
og hundr´ogførti fettere som fløy til alle kanter.  
Atten brødre hadde jeg, en av dem var veldig lei,  
alltid skulle ´n hakke meg, derfor fløy jeg hit til deg.*

*Det morsomste jeg vet det er å bade meg i søla -  
men da blir mor så sint og sier jeg kan bli forkjøla.  
Hakk og skjenn det skal jeg få. Fæl og skitten blir jeg òg.  
Men det syns da ikke på meg som er så stygg og grå.*

*For jeg har ingen fine fjær og hale som kan vippe.  
Og ikke kan jeg synge heller, jeg kan bare pippe.  
Hver en trost og meis og stær er nok mere populær  
når han ferierer her - enn en liten gråspurv er.*

*Men når jeg tenker på det, har jeg hvertfall denne trøsten  
når sommeren er over og det lakker imot høsten  
og de andre flyr sin veg langt avsted - da har du meg.  
Hele vinter ´n sitter jeg her på taket ditt hos deg.*

***Fleire fine dikt kan du finne ved [å peike og klikke her](#).***

Biletet oppe på sida er teke av [Peulle](#). Meir informasjon om biletet kan ein få ved [å peike og klikke her](#).

Kjell Lund : Spurvelurven